

# **SAKSPAPIR**

Saksnr	Utval	Type	Dato
032/15	Kommunestyret	PS	19.03.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	14/1513

**Kommunereform vidare prosess.**

## **Rådmannen sitt framlegg til vedtak**

For å koma videre i arbeidet vert det sett ned eit forhandlingsutval med tre representantar frå kvar kommune i regionrådet og kommunale styringsgruppar.

Representantar frå Lindås kommune til forhandlingsutvalet er ordførar, varaordførar og gruppeleiar for AP som er største opposisjonsparti.

Styringsgruppe er formannskapet.

### **Kommunestyret - 032/15**

#### **KO - behandling:**

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte i starten av saka.

Endring i rådmannen sitt framlegg:

..... gruppeleiar i det største opposisjonspartiet.

Framlegget med endring vart samrøystes vedteke.

#### **Felles protokolltilførsel:**

Kommunestyret bed gruppa "forhandlingsutval" finna ei løysing som sikrar samla sett ei breiast mulig representasjon.

#### **KO - vedtak:**

For å koma videre i arbeidet vert det sett ned eit forhandlingsutval med tre representantar frå

kvar kommune i regionrådet og kommunale styringsgruppar.

Representantar frå Lindås kommune til forhandlingsutvalet er ordførar, varaordførar og gruppeleiar i det største opposisjonsparti.

Styringsgruppe er formannskapet.

### **Saksopplysningar:**

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

### **Bakgrunn**

Saksutgreiinga er felles for alle kommunane:

Regionrådet oppmodar kvart einskild kommunestyre til å oppnemne tre politikarar til å delta i eit felles forhandlingsutval som har i oppgåve og utforme eit felles beslutningsgrunnlag for samanslåing av kommunane i Nordhordland. Første møte i forhandlingsutvalet er satt til 22. april.

### **Saksutgreiing:**

Status for kommunane i regionen (med unntak av Osterøy som ikkje ser på Nordhordland som aktuelt og Fedje som avventar ei utgreiing om øykommunar) er at dei ønskjer få vurdert om det er aktuelt å slå seg saman med nabokommunane. Eit alternativ vil vere ein stor kommune i Nordhordland. I tillegg kan det vere aktuelt for dei einskilde kommunane å vurdere andre alternativ. Sjølv om Osterøy ikkje vil vere med i Nordhordlandsalternativet kan dei ha nytte av å ha innsikt i dei prosessane som er i regionen. I tillegg har også Solund kommune signalisert at dei ønskjer å få vurdert eventuell samanslåing med kommunane i Nordhordland.

På Nordhordlandstinget fikk ein presentert prosessen som kommunane Sandefjord, Andebu og Sandar (SAS) har hatt for å komme fram til ei tilråding om kommunesamanslåing. Dei hadde god politisk forankring ved at dei hadde eit forhandlingsutval som bestod av ordførar, varaordførar og leiar for opposisjonen frå kvar kommune. Det sikra at prosjektet hadde brei politisk forankring. Alle møta var opne og det var laga ein møteplan med tema.

Forhandlingsutvalet utforma eit beslutningsgrunnlag som grunnlag for kommunestyrrene si handsaming om dei ville gå for samanslåing.

### **Mandat**

Regionrådet ser behov for at det opprettast eit forhandlingsutval her i regionen.

Forhandlingsutvalet sitt mål er å lage ei utgreiing som vil vere grunnlag for kommunane i Nordhordland når dei skal ta stilling til om dei ønskjer endring i kommunestrukturen. Det vil vere alternativet Nordhordland som ein kommune som vil bli vektlagt i denne utgreiinga. Den vil bli lagt fram for kommunestyrrene innan juni 2016.

Forhandlingsutvalet må ha eit breidt mandat som sikrar at ein har naudsynt fridom for å vurdere kva som må vere med i beslutningsgrunnlaget. Det vil vere eit godt utgangspunkt å nytte SAS kommunane sin tilråding og så må den tilpassast til lokale forhold. Det må takast utgangspunkt i kommunen sine ansvarsområde som:

- Tenesteytar
- Myndighetsutøvar
- Samfunnsutvikling
- Demokrati

Dette må vurderast opp i mot kriteria for god kommunestruktur (ekspertutvalet), dei nasjonale måla for reforma og lokale mål. Utgreiinga bør vere på eit overordna nivå og vere kortfatta. Utvalet må også sjølv avklare kva som bør utgreiast.

### **Framdrift og organisering**

Forhandlingsutvalet må komme i gong så raskt som mogeleg. Forhandlingsutvalet må konstituer seg sjølv med leiar og nestleiar. Der må lagast ein møteplan og forslag til tema/saker. Det hastar difor med at kvart kommunestyre gjer vedtak om å velje personar til forhandlingsutvalet. Storleiken til forhandlingsutvalet gjer at det kan vere behov for å ha eit arbeidsutval.

Forhandlingsutvalet sit fram til kommunevalet. Etter valet må kommunestyrrene gjere nytt vedtak om representantar til forhandlingsutvalet. Kvar einskild kommune må dekke eventuelle godtgjersler for arbeidet i forhandlingsutvalet.

Bent Gunnar Næss som er tilsett ved Nordhordland Utviklingsselskap IKS vil bruke om lag 60 % av arbeidstida som prosjektleiar. Erfaringa frå 2014 er at det må vere nokon som har dette som hovudarbeidsområde dersom ein skal klare å få dratt prosjektet vidare.

Hovudfokuset vil i denne organiseringa vere Nordhordland som ein kommune. Parallelt med dette kan det vere at nokon kommunar vil sjå på andre alternativ.

### **Parallelle prosessar**

Fleire av kommunane i regionrådet kjører fleire parallelle prosesser der ulike alternativ for kommunesamanslåing vert vurdert. Regionrådet vil bli løpende orientert om desse prosessane sjølv om regionrådet ikkje er direkte involvert.

For å sikre at ein kjem i mål med eit konkret vedtak våren 2016 er det viktig at også Lindås kommune deltek i fleire parallelle løp.

Det naturlege alternativet til ein stor kommune der dei fleste Nordhordlandsommunane deltek, er eit alternativ som inneheld Radøy, Meland og Lindås.

Vidare arbeid med dette alternativet vil følgje same mal som prosessen i regi av regionrådet.

Forhandlingsutvalet og styringsgruppa fungerer for begge alternativa.

